

## Uttale til saksnr PS60/2020 i tillyst møte 25/11, HOVUDUTVAL FOR OPPLÆRING OG KOMPETANSE

Musea i Sogn og Fjordane ved museumsarenaene i Sunnfjord kommune (Sogn og Fjordane kunstmuseum, Sunnfjord museum, Astruptunet og Eikaasgalleriet) fremjar med dette si støtte til Hafstad VGS om å behalde linja Kunst, design og arkitektur.

Linjer som Kunst, design og arkitektur (KDA) gjev elevar eit unikt høve til å fordjupe seg innan skapande fag, samtidig som dei oppnår generell studiekompetanse. Dei får med dette unik kunnskap om lokal, nasjonal og global kunst, kultur og visuelle uttrykk gjennom teori og praktisk arbeid. Som ein av dei leiande kunst, kultur og kulturarvinstitusjonane i fylket ser Musea i Sogn og Fjordane dette som ei viktig utdanning det er viktig å ha i området til gamle Sogn og Fjordane fylke.

Sogn og Fjordane kunstmuseum, Astruptunet, Eikaasgalleriet og Sogn kunstsenter har ansvar for å formidle og bevare kunsthistoria frå regionen. Samlingane famnar frå Nikolai Astrup fram til i dag. Samarbeidet med Hafstad VGS går to vegar. Sogn og Fjordane kunstmuseum, med dei tilhøyrande arenaene gjev elevane møte med lokal og nasjonal kunst. Hafstad VGS utdannar neste generasjons kunstnarar, arkitektar og designerar frå det lokale området. Med den fysiske nærleiken, særleg til Sogn og Fjordane kunstmuseum, er nærleiken mellom utdanninga og det regionale kunstmuseet unikt. Det er få plassar i Vestland fylke elevar har større mulighet til å kome i nærbidrag med eit mangfold av kunstuttrykk og kunstperiodar som i Førde.

Sunnfjord museum forvaltar kulturarven frå indre Sunnfjord frå tidlig nytid og fram til i dag. Handverktradisjonar, materielt og immaterielt, er ein viktig del av museet sitt ansvarsområde. Erfaringa med blandinga av teoretisk kunnskap og praktisk utføring er ein vesentleg del av kompetansen. For å kunne utvikle denne kompetansen er det vesentleg å ha eit utdanningstilbod som tek dette på alvor gjennom heile skulegangen. Dette gjeld for tradisjonelle kulturhistoriske museumsfag, som tømring, muring og bunadstilverknad så vel som kunst, design og arkitektur.

Sunnfjord er ein viktig kulturkommune i det nye Vestland fylke. Fagtilboden ved kunst, design og arkitektur på Hafstad VGS har vore ein viktig del av utdanningsløpet både til utøvande kunstnarar og fleire tilsette på kulturfeltet i regionen. Fagmiljøet som er opparbeidd ved Hafstad vidaregåande skule er ein viktig del av kunst og kulturfeltet. Å miste fagmiljøet, elevar under utdanning og ferdig utdanna elevar på feltet vil vera eit stort tap for kulturkommunen, og regionen Sunnfjord. Det er ikkje berre snakk om å fjerne ei vidaregåande skulelinje, det er snakk om å fjerne eit heilt miljø.

På vegne av Musea i Sogn og Fjordane,  
Marie Nicolaisen, museumsleiar Sunnfjord museum  
Solveig Berg Lofsnæs, museumsleiar Astruptunet og Eikaasgalleriet  
Kjartan Aa Berge, konstituert direktør for Sogn og Fjordane kunstmuseum og administrerande direktør for Musea i Sogn og Fjordane